

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 70

Tal uprenta vedlegg: \*

## Transportplan for Vestlandet 2007 – 2019. Handlingsprogram 2012-2015

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

### Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet sluttar seg til Handlingsprogrammet 2012 – 2015 Transportplan 2007-2019 slik det ligg føre.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

Presentasjon av fråsegnene – kort oversikt

Transportplan 2007 – 2019. Handlingsprogram 2012 – 2015.

Uprenta vedlegg:

Fråsegner til Transportprogram 2012 – 2015 (68)

## **Saksframstilling**

### **Kva saka handlar om**

Denne saka handlar om handlingsprogram 2012 – 2015 innan transport på Vestlandet og er ei oppfølging av Transportplan for Vestlandet 2007 – 2019. Handlingsprogrammet har vore ute på brei høyring, og det er motteke nærmere 70 høyringsfråsegner. Fylkesrådmannen legg med dette saka fram til endeleg handsaming og ber om at Vestlandsrådet sluttar seg innhaldet i programmet slik det ligg føre.

### **Tidlegare handsamingar**

Saka om ei oppdatering av handlingsprogram 2012 – 2015 har tidlegare vore handsama både som ei oppstartsak (juni 2010) og som sak i samband med utsending av handlingsprogrammet på høyring (juni 2011).

### **Bakgrunn, innhald og mål**

Målet med handlingsprogrammet er å følgje opp Vestlandsrådet sin overordna Transportplan for 2007 – 2019 og å synleggjere dei viktigaste utfordringane Vestlandet har innan veg- og sjøtransport. Formålet med handlingsprogrammet er å formulere tiltak knytt til strategiane som er vedtekne i transportplanen.

Handlingsprogrammet skal samstundes synleggjere den samla prioriteringa på Vestlandet og presentere kva ambisjon ein har på veg- og sjøtransportsektoren. Dette dokumentet vil følgjeleg òg danne eit godt grunnlag både for fylkeskommunane og kommunane på Vestlandet sine eigne transportpolitiske prioriteringar.

Framfor alt er det viktig å presentere krav overfor staten om å realisere samferdsletiltak på Vestlandet raskare enn det som tidlegare har vore presentert i Nasjonal transportplan (NTP). Dette kan gjerast gjennom å sikre viktige tiltak og satsingar inn i ny NTP (2014 til 2023) i samband med felles høyringar, fellesmøte med stortingets transport komité, og i møte med Statens vegvesen. Men i tillegg er det avgjerande å presentere nye former for finansiering av store nasjonale vegprosjekt. Framleget til nytt handlingsprogram skisserer korleis dette kan gjerast, kvifor vi må gjøre det og når vi kan starte opp dei ulike satsingane, steg for steg.

### **Mandat, presisering og avgrensing**

Mandatet for utarbeiding av transportprogrammet har vore å presentere ein smal, overordna og konsistent handlingsprogram. Dette sikrar ei meir fokusert satsing og prioritering enn om ein legg til grunn ein meir utvida tilnærming.

Det nye handlingsprogrammet omhandlar derfor berre nokre strategisk viktige sider ved den samla transportpolitikken som gjeld Vestlandet. Ein meir samla transportpolitisk presentasjon finn ein i sjølv Transportplan 2007 – 2019 som handlingsprogrammet byggjer på. Dette handlingsprogrammet, som er det andre handlingsprogrammet etter at Transportplan 2007 – 2019 vart vedteken, er samstundes strammare med omsyn til tiltak enn det førre handlingsprogrammet og har eit særleg fokus på tiltak knytt til E39 – kortsiktig og langsiktig satsing. Handlingsprogrammet omhandlar følgjande prioriterte område:

- E39 – tiltak på lang og kort sikt
- Drift og vedlikehald av vegkapitalen
- Rassikring
- Sjøtransport

- Finansieringsmodellar.

I tillegg ser Vestlandsrådet det som ønskjeleg at kollektivtransport vert omtala særskilt i Nasjonal transportplan (NTP).

### **Meir om innhaldet i handlingsprogrammet**

Handlingsprogrammet har hovudfokus på E39. Vestlandsrådet meiner at ferjefri E39 er det viktigaste samferdsleprosjektet for Vestlandet og Noreg. Med “ferjefri E 39” meiner vi både oppjustering av vegstandarden og fjordkryssingar. Framlegget til handlingsprogram viser vidare til at både riksvegnettet og fylkesvegnettet er prega av stort etterslep i vedlikehald. Dårleg vedlikehald vil føre til trafikkfarlege vegstrekningar, därleg framkomst, miljøproblem og auka kostnader for m.a. næringslivet. I programmet viser ein òg til ein kraftig vekst i kostnadane på drift og vedlikehaldet av vegnettet sidan 2007. Vestlandet har store utfordringar når det gjeld ras. Totalt er trangen for rassikring i dei fire Vestlandsfylka rekna til 12,5 mrd kr. Sjøtransport er den dominerande transportforma for godstransport på Vestlandet om ein reknar med industrigods og bulk. Konteinrar- og anna type stykkgodstransport går i for stor grad på veg til og frå Vestlandet. Mykje av denne transporten går via Austlandet som i realiteten fungerer som eit logistikkknutepunkt for Noreg på denne typen gods. Vestlandsrådet meiner vidare at Stad skipstunnel må prioriterast i NTP 2014-2023.

Framlegget til nytt handlingsprogram fokuserer òg på finansiering av E39.

Handlingsprogrammet peikar på at dagens finansiering ikkje er optimal for store prosjekt. Det er difor ei utfordring å tilpasse ei finansieringsløysing som gjev optimal framdrift gjennom store og attraktive anleggskontraktar.

### **Fråseigner til handlingsprogrammet**

Handlingsprogrammet vart i tråd med vedtak i Vestlandsrådet 14.juni 2011 sendt ut på høyring til fylkeskommunane Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest Agder , byane, kommunane, næringslivet og sentrale samfunnsmessige institusjonar og organisasjonar med frist for høyringssvar sett til 1. oktober 2011.

Det er registrert nærmere 70 høyringsfråseigner. Ettersom fråsegnene er såpass omfattande, har vi valt å utarbeide ein kortare skjematiske oversikt som kvar einskild fråsegn. Desse er lagt ved saka. I tillegg er alle fråsegnene trykt opp i eige hefte. Desse blir lagt fram på møtet.

Fråsegnene er jamt over svært positiv til det initiativet Vestlandsrådet har gjort ved å utarbeide eit stramt og prioritert handlingsprogram. Rådet får òg støtte både på at ein særleg har vektlagt opprusting av E39 og satsing på E39 som ein nasjonal ferjefri transportkorridor frå Kristiansand til Trondheim.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen ser arbeidet med ein handlingsplan for samferdsle som ei av nøkkelloppgåvene i Vestlandsrådet. Prosessen fram mot eit ferdig planutkast har vore godt forankra i alle dei fire fylkesadministrasjonane og i Vestlandsrådet. Det siste både ved to handsamingar i rådet (ved oppstart og i samband med utsending på høyring) og ved at AU i Vestlandsrådet har vore styringsgruppe for arbeidet. Mengda fråseigner og engasjementet frå alle dei ulike høyringspartane, viser at samferdslepolitikk, og eit ferjefri E 39 spesielt, er eit kjernekjelde for Vestlandet.

Fylkesrådmannen har innarbeidd i handlingsprogrammet dei fråseigner og framlegg til endringar som vi meiner er relevant for programmet og som er i samsvar med mandatet for arbeidet.

Dei fleste høyningsinnspele er samde i den stramme profilen som er lagt til grunn for handlingsprogrammet med omsyn til tema og tiltak. Likevel blir det i nokre av fråsegnene vist til trong for ein meir handlingsretta politikk innan m.a. framtidig flyplasstruktur, flyruter, togsamband inkludert Intercity løysingar, ønske om ein meir eksplisitt politikk for "bypakkar", auka merksemad om tilførselsvegar, ønske om å inkludere parallelle vegtrasear, for å nemne nokre døme. Slik fylkesrådmannen vurderer det, talar dette for at ein i løpet av fireårsperioden bør starte opp arbeidet med å oppjustere den opphavlege Transportplanen 2007 – 2019 inkludert eit nytt handlingsprogram for 2016 - 2019.

Mange av fråsegnene reflekterer naturleg nok til den plass E 39 har fått i programmet. Som venteleg blir det også spelt inn tilførselsvegar som fleire meiner vil vere naturleg å inkludere. Vegar som knyt E39 saman med viktige næringsklyngar, transportknutepunkt, og sentra med stor busetnad gjer at E39 kan utnyttast best mogeleg. Døme her er Sotrasambandet, tilførselsvegar til flyplassar og sentrale hamner, og tilknyting til viktige sentra som Egersund, Florø, Måløy, Ålesund, og Kristiansund. Her må det kommenterast særskild at Hordaland fylkeskommune har i sitt vedtak gjort framlegg om å legge inn Sotrasambandet som del av handlingsprogrammet. Rogaland fylkeskommune har for sin del vedteke at Vestlandsrådet må sikre at det vert utarbeidd ein samla plan for Rv 13. Med bakrunn i den stramme profilen som er lagt for handlingsprogrammet, vurderer fylkesrådmannen det likevel slik at verken tilførselsvegar eller Rv 13 høyrer med i handlingsprogrammet. Fylkesrådmannen vil igjen peike på at nettopp spørsmål om tilførselsvegar og andre riksvegtrasear saman med andre viktige innspele er uttrykk for behovet for å starte arbeidet med ei oppdatering av Transportplan 2007 – 2019 i løpet av fireårsperioden.

Vi registrerer vidare at fleire har peika på ønske om ein klarare miljøprofil m.a. ved at verknadane av dei nasjonale klimamåla vert tydlegare i dei store byane. Her vil vi vise til at vi i samband med kapitlet om sjøtransport har dette allereie med i transportprogrammet knytt til system for landstrøm til skip ved kai. Målet om meir gods over til sjøtransport er jo i seg sjølv òg eit sentralt klimatiltak. Elles viser vi til den opphavlege Transportplan 2007 – 2019 som adresserer klimaspørsmål meir generelt. Fylkesrådmannen meiner elles at ein bør ha ekstra merksemad omkring nettopp sjøtransport, slik det har blitt peika på frå høyningsaktørar, men utan at det i denne omgang blir gjort eksplisitte endringar i handlingsprogrammet.

Når det gjeld spørsmål om ein sterkare vekt på samferdsleutfordringar i byane – "bypakkar" -, vil fylkesrådmannen vise til eigne KVU- prosessar som går føre seg for kvar einskild by samt at utfordringar i bynære område er omtala på sjølvstendig grunnlag i den opphavlege Transportplan 2007 – 2019.

Omsyn til trafikktryggleik er òg eit tema som har blitt spelt inn. Fylkesrådmannen er samd i at dette må ha høg prioritet og viser til at Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik 2010 – 2013 der målet om at trafikktryggleiksarbeidet i Noreg skal vere tufta på ein nullvisjon (det skal ikkje førekome ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken).

Eit viktig tema i handlingsprogrammet er finansieringsmodeller. Dette har fleire av høyningspratane òg adressert i sine fråsegn. Her vil fylkesrådmannen i denne omgang vise til Vegdirektoratet sitt prosjekt "Ferjefri E39" der eit av fire punkt i mandatet er nettopp gjennomføringsstrategiar og kontraktsformer. Denne delen av mandatet kom inn som eit tillegg på konferansen om Ferjefri E39 som Vestlandsrådet arrangerte saman med Statens vegvesen våren 2011. Spørsmålet om finansieringar vil likevel vere ei problemstilling vi vil kome attende til ved fleire høve.

Det er elles naturleg at fylka, anten kvar for seg eventuelt når det er naturleg i fellesskap, fol opp også dei andre tilhøva som er teke opp i høyringskommentaren. Utover dette vil redaksjonelle korrigeringar av t.d. tabellar og presentasjonar elles i handlingsprogrammet bli endra i tråd med fakta.

**Framlegg til vedtak.**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å slutte seg til Handlingsprogrammet 2012 – 2015 – Transportplan 2007-2019 slik det ligg føre.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑